

FAGERNES

25/287 KONSEPT

BAKGRUNN


Denne konseptstudien undersøker potensialet for utvikling av eiegenomen med gbnr. 25/287, som ligg i samband med krysset mellom E16 Valdresvegen og Skifervegen i Fagernes sentrum.

Området har tidlegare vore nytta mellom anna til brannstasjon, og ligg elles i tilknytning til jernbaneområdet som hadde endestasjon på Fagernes. I dag er all tidlegare bygningsmasse riven, og området vert no nytta som open og uprogramert parkeringsplass. Tomta strekkjer seg over fleire nivå, med Skifervegen i sør, og ellers "avrunda" med ei mjuk kurve langs Valdresvegen i vest og nord. Nabotomt i aust.

Ambisjonen med konseptstudien er å synleggjere moglegheitene for å vidareutvikle området som ein naturleg del av byutviklinga på Fagernes, og samtidig avstemme tiltakshavar sine behov med kommunale og offentlege krav og føringar på ein mest mogleg effektiv måte. Det har vore eit mål å leggje til rette for høg grad av brukarmedverknad og lokal forankring, både i lokalmiljøet og i kommunen elles.

Målet er at det endelege konseptet skal peike ut ei tydeleg retning for utviklinga av området, med utgangspunkt i lokale tradisjonar, materialbruk og byggjeskikk. Det er ønskeleg at prosjektet skal bidra positivt til nærmiljøet og den vidare arkitektoniske utviklinga austover langs Skifervegen, samt til sentrumsutviklinga på Fagernes generelt.

Konseptet er ikkje eit komplett skisseprosjekt, men skal fungere som eit fleksibelt og strategisk grunnlag for detaljreguleringsarbeidet. Reguleringsplanen vil vere førande for prosjektutvikling på eiegenomen.



PROSESS

Arbeidet med konseptstudien har vore organisert i fire fasar, frå innleiande kartlegging til ferdig presentasjon av konseptet.

1. Oppstart

Prosessen starta med synfaring på Fagernes, samt møte med SpareBank 1 Hallingdal Valdres, for å etablere ei felles forståing av prosjektet, tomte og dei overordna måla for utviklinga. I denne fasen vart det også samla inn relevant grunnlagsmateriale, mellom anna foto, punktskydata og kartgrunnlag, som underlag for det vidare analyse- og skissearbeidet.

2. Kontekst og analyse

I neste fase vart det utarbeidd eit samla kunnskapsgrunnlag for området. Dette omfatta etablering av romlege digitale modellar av tomte og omgjevnaden, samt ulike analysar knytt til terreng, stadkarakter, tilkomst, byrom og arealbruk. Målet var å skape ei heilskapleg forståing av staden og dei ulike moglegheitene og avgrensingane som ligg i området før skissearbeidet tok til.

3. Konseptutvikling

Konseptutviklinga har vore ein iterativ prosess der fleire ulike strategiar for plassering, volum og organisering av bygget vart undersøkt og vurdert. Gjennom skissering og analyse vart det jobba gjennom tema som vedkjem logistikk, funksjonalitet, arealdisponering, infrastruktur og arkitektonisk uttrykk. Fasen har hatt som mål å utvikle eit både robust og stadtilpassa konsept som balanserar funksjonelle behov og omsynet til omgjevnadene og den vidare sentrumsutviklinga på Fagernes.

4. Presentasjon

I den avsluttande fasen er illustrasjonar, teikningar og andre visualiseringar samla, strukturert og vidareutvikla til ein heilskapleg presentasjon av konseptet, for å formidle hovudgrepa og intensjonane med prosjektet.


KONSEPTSTUDIE



PLANPROSESS (PÅGÅR)



SKISSEPROSJEKT (GRUNNLAG FOR KALKYLE)





FAGERNES

Oversiktsbiletet syner Fagernes slik staden framstår i dag.
Konseptområdet ligg innanfor den markerte sirkelen.



BUSTAD

BUSTAD

PLANAREAL

NABOAREAL

HANDLESENTER

BUTIKK / NÆRING



NÆRKONTEKST

Konseptarealet ligg i enden av det tidlegare jernbaneanlegget som hadde endestasjon på Fagernes. Området omfattar i dag mellom anna handelssenter, butikkar, næringsverksemd og bustader, og utgjer ein viktig del av den framtidige sentrumsnære bystrukturen.

ANALYSE

Arbeidet med kontekstanalysen har omfatta vurderingar av ei rekkje samfunns- og stadrelaterte tema, ma. naturfarer som flaum og snøskred, og ellers støy, solforhold, utsikt, tilkomst, infrastruktur, terreng og høgdesituasjon.

Naturfare:

Delar av området ligg innanfor aktsemdssone for snøskred og flaum. Ei aktsemdssone inneber ikkje nødvendigvis at området er utsett for reell fare, men at forholda skal vurderast nærare som del av planarbeidet. Problemstillingane er vurderte i den parallelt pågåande planprosessen, og vert ikkje rekna å utgjere vesentlege utfordringar for utvikling av området.

Støy:

Planområdet grensar mot Valdresvegen i vest og nord, noko som medfører støyutfordringar knytt til trafikk. Dette har vore eit viktig premiss i analysen og vidare planlegging. Enkelte funksjonar, særleg bustader, vil vere mindre eigna langs vegen. Det er derfor jobba med ein strategi der næringsbebyggelse vert plassert som ei skjermande sone mot Valdresvegen. Dette kan leggje til rette for meir skjerma bustad- og opphaldsareal i dei søraustlege delane av området ved ei framtidig vidare utbygging langssetter Skifervegen austover.


Sol og utsikt:

Solforhold og utsikt har vore tillagt særleg vekt i utviklinga av konseptet. Den bua forma langs Valdresvegen opnar for ei bebyggelse som kan skape eit skjerma byrom med gode lysforhold, lune uteareal og attraktive utsynskvalitetar frå dei øvre etasjane. Tomta har slik sett eit særleg potensial for å kombinere tett bymessig struktur med gode opplevelseskvalitetar.

Topografi:



Det er også jobba med arealdisponering, terrengtilpassing og høgdeovergangar mot naboarealet. Målet har vore å sikre at dei første utbyggingsettappane støttar opp under den langsiktige utviklinga av heile området og ikkje avgrensar framtidige moglegheiter for vidare utbygging, iht. kommuneplanen.

NATURFARE




STØY

SOL OG UTSIKT



TOPOGRAFI OG LOGISTIKK




Sjølve planområdet omfattar den ytste tomte mot vest i området mellom E16 Valdresvegen og Skifervegen. Plasseringa gjev området ein sentral og synleg posisjon i bystrukturen, samtidig som tomte fungerer som eit viktig bindeledd mellom eksisterande næringsområde, infrastruktur og framtidig sentrumsutvikling austover i området.

Tomte har ei særmerkt form som følgje av den mjuke kurvaturen til Valdresvegen og tidlegare tomtedelingar. Denne geometrien skaper både moglegheiter og utfordringar for prosjektutvikling i nærområdet. Særleg gjeld dette overgangen mellom planområdet og tilgrensande eigedomar, der enkelte restareal kan vere vanskelege å nytte effektivt utan mindre justeringar av tomtetegnene i seinare utbyggingsfasar. Samstundes opnar den bua tomtestrukturen for ei meir dynamisk plassering av bebyggelsen og moglegheita til å forme skjerma uteområde med gode romlege kvalitetar.

Topografien er eit sentralt premiss for utviklinga av det aktuelle området. Terrenget stig gradvis frå sørvest mot nordaust og er organisert i fleire naturlege terrassenivå. Prosjektområdet omfattar hovudsakleg dei to lågaste nivåa, medan naboeigedomane vidarefører strukturen opp mot eit tredje nivå, ca. kote +369. Høgdeskilnadane i området skaper naturlege overgangar mellom dei ulike delane av tomte og legg til rette for ei trappa utbygging som kan tilpassast landskapet på ein skånsam måte.

Terrenghøgskjellane gjev også moglegheit til å etablere tydelege koblingar mellom dei ulike nivåa i området. Dette kan nyttast strategisk for å vidareføre etablerte veg- og rørslestrukturar og sikre fortsatt gode interne forbindelsar mellom bygningar, uteområder og framtidige utbyggingstrinn/-etappar.

Det er vurdert som naturleg at bebyggelsen mot Skifervegen held ei lågare høgde og tilpassar seg nivå 1, medan bygningsvoluma langs Valdresvegen gradvis kan trappast opp mot nivå 3. Ei slik oppbygging vil kunne styrkje samanhengen med terrenget, skape betre lys- og utsiktsforhold, samt gje prosjektet eit meir heilskapleg og stadtilpassa uttrykk.



Struktur og byutvikling

På bakgrunn av planområdet sin geometri, støyforholda langs Valdresvegen og overordna føringar i kommuneplanen og gatebruksplanen for Fagernes, er det vurdert som naturleg å byggje ut området langs dei ytre kantane mot Valdresvegen og Skifervegen. Ei slik organisering kan bidra til å definere tydelege byrom, skjerme indre uteareal og styrkje den bymessige strukturen i området.

I konseptet er det lagt til grunn at den austlege delen av området, med den særmerkte forma på tomtegrensa, i første omgang vert halde open. Dette legg til rette for ei framtidig samordna utvikling av naboeigedomane og kan på sikt danne grunnlag for ein meir samanhengande kvartalsstruktur med tydelege uterom og interne samband.



Det ligg i dag føre to alternative løysingar for tilkomst til området. Eitt alternativ tek utgangspunkt i eit samla kryss i austre del av planområdet. For å tilfredsstille krav frå Statens vegvesen og sikre betre trafikkavvikling i tråd med reguleringsplanen, vil denne tilkomsten måtte flyttast noko lenger aust. Løysinga vil samtidig kunne knytast til ei framtidig vegforbinding mot naboeigedomane.

Terreng og bebyggelse

Bygningsstrukturen er foreslått tilpassa dei naturlege terrasseringane i terrenget og organisert over fleire nivå. Den sørlegaste delen av bebyggelsen vil kunne forhalde seg til gateplanet langs Skifervegen, medan bygningsvoluma gradvis trappast opp mot Valdresvegen og vidare mot det øvre terrengnivået på nabotomta. Dette kan styrkje samanhengen mellom bygningar og landskap og samtidig gje gode lys- og utsiktsforhold.

Det indre gårdsrommet som oppstår innanfor bebyggelsen kan utviklast som eit samanhengande landskap over fleire nivå, der terrenget vert brukt aktivt til å binde saman dei ulike delane av utomhusområdet.

I illustrasjonane er strukturen vist som eit samla bygningsvolum for å synleggjere dei overordna prinsippa i konseptet. I vidare skisse- og prosjekteringsarbeid vil bebyggelsen kunne delast opp i mindre volum og bygningskroppar for å skape større variasjon og eit meir stadtilpassa uttrykk i tråd med målestokken og byggjeskikken i Valdres og særskilt på Fagernes.



Byggjefase 1

I første fase er det foreslått å starte utbygginga i det vestre hjørnet av planområdet. Dette er både den mest synlege plasseringa og det mest naturlege utgangspunktet for vidare utvikling av området, med tanke på fleksibilitet i komande byggjetrinn og ein framtidig kvartalsstruktur i tråd med føringane i kommuneplanen og gatebruksplanen.

Den første bygningen vil i hovudsak innehalde areal for SpareBank 1 Hallingdal Valdres. Bygget er utforma med ein knekt L-form som tek opp i seg dei to hovudretningane i området, langs Valdresvegen og Skifervegen. Grepet etablerer tidleg dei overordna strukturane for vidare utbyggingstrinn og skapar samtidig ei tydeleg avgrensing av uterommet / byrommet.




I denne fasen vil bygget stå relativt fritt i området, og inngrepa i terrenget vert haldne på eit avgrensa nivå. Dette gjev fleksibilitet for vidare utvikling og sikrar samtidig at tilkomst, etablert parkering og kobling til naboarealet kan oppretthaldast i byggeperioden.


Byggjefase 2+

I seinare byggjefasar vil det vere naturleg å vidareføre bebyggelsen i to retningar. Mot nord kan strukturen utviklast langs Valdresvegen og gradvis trappast opp i takt med terrenget. Denne delen av bebyggelsen vil få ein meir urban og utadvend karakter mot vegen, samtidig som plasseringa eignar seg godt for funksjonar knytt til logistikk, tilkomst og næring.

Mot sør kan bebyggelsen vidareførast langs Skifervegen på eit lågare nivå og med meir skjerma forhold. Denne delen av området vil få betre vern mot støy frå Valdresvegen grunna bebyggelsen mot nord og kan då eigne seg godt for meir opphaldsorienterte funksjonar.

På lengre sikt, dersom området vert vidareutvikla som ein samla kvartalsstruktur, vil det indre gårdsrommet kunne nyttast til felles uteområde og opphaldssoner. Det kan også vere aktuelt å etablere parkering under bakken som del av eit samla, framtidig parkeringsanlegg for heile området.






VOLUM / AREAL

Eksempel på arealomfang for bankbygget: ca. 2000 m² BRA og 2400 m² BTA.


Det vil vere mogleg å etablere parkering på terrengnivå, samtidig som det vert lagt til rette for tilkomst vidare til nabotomta på nivå 2.



VOLUM / AREAL


Eksempel på arealfordeling: Bankbygg: ca. 2000 m² Anna næring: ca. 1200 m² Bustader: ca. 1600 m² NIVÅ 1

Bustaddelen kan til dømes romme om lag 15-25 leilegheiter i storleiken 50-80 m².
Det er lagt opp til at om lag 50 % av gårdsrommet vert disponert som felles uteoppholdsareal for bebuarane.



VOLUM / AREAL

Ved framtidige byggjetrinn mot ein meir samla kvartalsstruktur vil det vere naturleg å samle hovuddelen av uteopphaldsareala i det indre gårdsrommet. Utforminga av desse areala må vidare tilpassast funksjon, bruk og dei behova som oppstår i den vidare utviklinga av området.



VALDRESVEGEN

NABOTOMT
(PARKERING)

26

PARKERING
(40 PLASSER)

TILKOMST

BANKBYGG

TILKOMST

GANG SYKKELVEG

TILKOMST
(PÅ SIKT)


NABOTOMT
(PARKERING)

SKIFERVEGEN




SITUASJONSPLAN (FASE 1)

Situasjonsplanen syner forslag til overordna arealdisponering innanfor konseptområdet, med plassering av bebyggelse, parkering, tilkomst, internsamband og hovudgrep for vidare utvikling av området.



UTOMHUS (FASE 1)

Oversikta syner forslag til overordna arealdisponering innanfor konseptområdet, med plassering av bebyggelse, parkering, tilkomst, internsamband og hovudgrep for vidare utvikling av området.



KONSEPTPLANER

Konseptet er utvikla med utgangspunkt i fleksible planløyser som kan tilpassast ulike behov i vidare prosjektering og framtidig bruk. Strukturen legg til rette for effektive arbeidsflater, god internlogistikk og moglegheit for gradvis tilpassing over tid.

På grunnplanet vil store delar av arealet vere retta mot kundemottak og publikumsfunksjonar, mellom anna resepsjonsområde, møterom og areal knytt til eigedomsavdeling og rådgjeving. I tillegg kjem tekniske rom, garderober, lagerfunksjonar og interne logistikkareal som støttar den daglege drifta av bygget.

Etasjane over er i hovudsak tenkt nytta til arbeidsplassar med kontor, møterom og ulike former for fleksible arbeidsareal. Her vil det også vere naturleg å integrere sekundære funksjonar som nærarkiv, sosiale soner, stillerom og andre støttefunksjonar som bidreg til eit funksjonelt og variert arbeidsmiljø.

Det finst fleire måtar å organisere og utnytte bygningsbreidda på, avhengig av funksjonar, ønskt planløyning og grad av fleksibilitet. Prinsipp for moduloppbygging og planstruktur vil vere eit viktig grunnlag for dimensjonering av bygget i vidare prosjektering. Dette vil mellom anna vere avhengig av behov knytt til cellekontor, kontorlandskap, møterom, arkiv og andre støttefunksjonar.

Smal bygningsbreidde

Ei smal bygningsbreidde kan til dømes organiserast med kontor langs begge fasadar og ein sentral gangstruktur:

Kontor (3–5 m) + gang (ca. 2 m) + kontor (3–5 m).

Denne typen løysing gjev god tilgang på dagslys og utsyn til arbeidsplassane og kan bidra til lyse og oversiktlege arbeidsmiljø. Samstundes kan smalare bygg vere meir krevjande med tanke på byggesystem, plassering av tekniske funksjonar og ikkje minst integrering av parkering og sekundærareal.

Medium bygningsbreidde

Ei mellomstor bygningsbreidde kan organiserast med ei mørkare midtsone for støttefunksjonar:

Kontor (3–5 m) + gang (ca. 2 m) + møterom/arkiv (ca. 4 m) + kontor (3–5 m).

Denne strukturen kan gje meir effektive planløyningar med betre internflyt og større fleksibilitet i plassering av sekundære funksjonar. Løysinga eignar seg også godt dersom det vert aktuelt med einsidig parkering under bygningen.





Brei bygningsbreidde


Ved større bygningsbreidder kan planen organiserast med fleire interne soner:

Kontor (3–5 m) + gang (ca. 2 m) + møterom (ca. 4 m) + gang (ca. 2 m) + kontor (3–5 m).

Breiare bygg opnar for meir fleksible planløyningar, større variasjon i romtypar og meir effektiv plassering av tekniske funksjonar og sekundærareal i dei indre sonene av bygget. Ei slik løysing kan også tilpassast tosidig parkeringsareal under bygningen.


Den endelege disponeringa av bygningsbreidda vil måtte avklarast i vidare skisse- og prosjekteringsarbeid. I konseptet er det likevel lagt vekt på å utvikle fleksible planløyingsprinsipp som kan tilpassast ulike behov over tid.






PROGRAMMERING

Innanfor konseptet er det mogleg å arbeide med fleksible romtypar som kan plasserast ulike stader i planen avhengig av behov og funksjon. Enkelte funksjonar vil vere meir eigna i høvesvis indre eller ytre soner, mellom anna med omsyn til støy, tilkomst, dagslys og grad av offentlegheit. Her er det vist døme på moglege romfunksjonar og plasseringar innanfor strukturen. Dette vil det vere naturleg å arbeide vidare med i eit skisseprosjekt / vidare prosjekteringsarbeid.





GRUNNLAG FOR KONSEPTSKISSER

Merknader og ønsker er velkomne for det videre arbeidet!

ESTETIKK

Utgangspunkt

I arbeidet med konseptet har vi tatt utgangspunkt i eit breitt grunnlagsmateriale med direkte relevans for Fagernes og planområdet. Dette omfattar mellom anna føringar i kommuneplan, gatebruksplan og ulike rettleiarar og styringsdokument som danner rammene for utviklinga av sentrumsområdet.



I tillegg er konseptet utvikla med utgangspunkt i fleire faglege tema og samtidsrelevante diskusjonar knytte til arkitektur, byggjeskikk og byutvikling. Arbeidet er inspirert av teoriar og perspektiv frå mellom andre Jan Gehl, Thomas Heatherwick og Eli-Janne Gjøs, særleg knytte til menneskelege byrom, materialbruk, identitet og stadstilpassing.

Målsetjing

Målet har vore å utvikle eit konsept som både tek utgangspunkt i i den lokale byggjeskikken og landskapstradisjonane i Fagernes og Valdres, som samtidig peikar mot ei meir urban og framtidsretta utvikling av sentrum. Ambisjonen er at prosjektet skal kunne tilføre nye kvalitetar utan å bryte med den lokale konteksten eller svekkje dei historiske og arkitektoniske samanhengane som pregar staden.

Dette inneber ei utvikling der moderne typologiar, større bygningsvolum og meir urbane strukturar vert balanserte mot lokale materialtradisjonar, detaljering og stadtilpassa arkitektur. Målet er ikkje å kopiere historiske uttrykk, men å vidareføre dei kvalitetane som gjev Fagernes og Valdres ein tydeleg identitet.

Det er fullt mogleg å utvikle ein moderne og urban bystruktur på Fagernes med utgangspunkt i dei stadbundne kvalitetane, den lokale byggjeskikken og dei landskapet som gjer staden særmerkt.



Eksemplar frå Fagernes


Byggjeskikken på Fagernes er prega av tradisjonane frå Valdres, der trebygningar, enkle volum og tydelege takformer har vore sentrale element gjennom fleire hundre år. Sjølv om sentrum i dag inneheld bygningar frå ulike tidsperiodar og stilretningar, finst det framleis ein tydeleg lokal karakter knytt til materialbruk, målestokk og detaljering.

Tre har historisk vore det viktigaste byggjematerialet i regionen, både i bustadhus, næringsbygg og landbruksbygningar. Mange bygg på Fagernes er oppførte med trekledning, synlege fasadeinndelingar og tradisjonelle detaljar kring vindauger, gesimsar og inngangsparti. Fasadane er ofte oppdelt i mindre felt og etasjar, noko som gjev bygningane ein meir menneskeleg målestokk og eit variert og rikt uttrykk i gatemiljøet i sentrum.

Eit særtrekk ved mykje av bebyggelsen i sentrum er at bygningane ofte står tett mot gata og dannar tydelege gaterom. Dette skaper nærleik mellom bygningar, fortau og byliv, og bidreg til den urbane karakteren som finst fleire stadar på Fagernes, trass i småskalastrukturen.

Saltaket er ei gjennomgåande takform i både eldre og nyare byggjeskikk i området. Dei skrå takflatene og markerte takutstikka er viktige identitetsskapande trekk som knyter bebyggelsen til klimaet, landskapet og dei lokale handverkstradisjonane.

Samtidig er byggjeskikken på Fagernes ikkje einsarta, men prega av impulsar frå både aust- og vestnorsk arkitektur, kombinert med element frå sveitserstil, nyklassisisme og seinare modernistiske uttrykk. Dette har skapt eit sentrum med stor variasjon, men der trebygga, dei oppdelte fasadane, plasseringa tett mot gata og dei tydelege takformene framleis utgjer viktige fellestrekk som gir staden ein tydeleg lokal identitet.



Eksempel frå verda

Internasjonal og skandinavisk samtidsarkitektur er i aukande grad prega av ei tilbakevending til naturmateriale, menneskeleg målestokk og meir stadtilpassa byutvikling. Særleg innan nordisk arkitektur har tre igjen fått ei sentral rolle som byggjemateriale, både av miljømessige, estetiske og kulturelle grunnar. Moderne trearkitektur kombinerer ofte enkle og robuste volum med varme, inviterande materialuttrykk, tydelege fasadestrukturar og stor vekt på dagslys, detaljering og taktile kvalitetar.

Mange nyare prosjekt arbeider vidare med klassiske arkitektoniske prinsipp som oppdelte fasadar, vertikal rytme, markerte vindauger og tydelege takformer, men tolka i eit meir samtidsprega og urbanisert uttrykk. Dette skapar bygningar som kan opplevast moderne og framtidsretta, samstundes som dei vidarefører kjende og stadbundne kvalitetar frå tradisjonell byggeskikk.


Eit gjennomgåande trekk i mykje skandinavisk byutvikling er ønsket om å skape tettare og meir urbane miljø utan å miste den menneskelege skalaen. Dette vert ofte løyst gjennom oppdeling av større bygningsvolum i mindre fasadeelement, bruk av naturlege materialar og etablering av aktive og tydelege gaterom. Bygningar vert utforma med stor merksemd på korleis dei møter gata, korleis fasadane vert opplevd på nært hald, og korleis uterom og arkitektur kan bidra til sosialt liv og identitet i byen.

Samtidig ser ein ei aukande interesse for å kombinere moderne bustad- og næringsbygg med tradisjonelle takformer som saltak og valma tak. Dette er ikkje berre eit estetisk grep, men også ein måte å knyte ny arkitektur til lokale landskap, klimatiske forhold og historiske strukturar. Slik kan ny bebyggelse tilføre moderne kvalitetar utan å bryte med den etablerte karakteren til staden.

Denne utviklinga viser at det er mogleg å skape ein moderne og urban arkitektur med sterk lokal forankring. Gjennom materialbruk, målestokk, detaljering og tilpassing til landskapet kan nye prosjekt vidareføre identiteten til staden samstundes som dei peikar framover mot meir berekraftige og levande by- og sentrumsmiljø.



1. Kindergarten Tüfwis, Winkel av Zita Cotti Architekten, 2. Eyhof Housing, Alpbisrieden av Adrian Streich Architekten, 3. Residens i Paris av Mobile Architectural Office, 4. Wannenhäuser + Möller Wohn- und Geschäftshausensemble i Bielefeld, Tyskland, 5. Sandakerveien 58, Oslo, av Mad arkitekter, 6. Pépinière d'entreprises artisanales, rue Bisson, Paris, MAAJ Architects, 7. Shelter for Homeless Women, Barcelona av Vivas Arquitectos, 8. Käterlistrasse residens, Rapperswil, Sveits av Rykart Architekten AG, 9. Solberg Hage av R21 Arkitekter













KONKLUSJON


Konseptstudiet viser at området mellom Valdresvegen og Skifervegen har eit stort potensial for vidare utvikling som ein integrert del av den framtidige bystrukturen på Fagernes. Gjennom analysar av stad, terreng, infrastruktur, solforhold, støy og eksisterande byggjestruktur er det utvikla eit fleksibelt konsept som legg til rette for både næring, arbeidsplassar og framtidig bustadutvikling.

Konseptet tek utgangspunkt i lokale kvalitetar og byggjeskikk, samtidig som det opnar for ei meir urban og framtidsretta utvikling av området. Gjennom bruk av tre, oppdelte fasadar, tydelege takformer og terrengtilpassa volum søker prosjektet å vidareføre identiteten til Fagernes i eit moderne arkitektonisk uttrykk.

Det er lagt vekt på å utvikle robuste og fleksible strukturar som kan tilpassast ulike behov over tid og gjennom fleire byggjesteg. Foreslått organiseringa av bebyggelsen langs Valdresvegen og Skifervegen skapar skjerma uterom, gode tilkomstforhold og ein naturleg overgang mellom eksisterande bebyggelse og framtidig utvikling av eigedomane.

Samstundes er det jobba målretta med fleksible planløyningar og ein bygningsstruktur som kan tilpassast ulike funksjonar og framtidige endringar i bruk. Konseptet legg til rette for effektive arbeidsplassar, publikumsretta funksjonar og varierte romtypar med gode dagslysforhold og fleksibel disponering. Dei indre strukturane er utvikla med tanke på langsiktig brukbarheit, god intern logistikk og moglegheit for gradvis omstilling utan store inngrep i hovudstrukturen.

Samla viser studiet at det er mogleg å vidareutvikle området på ein måte som styrkjer bylivet, tilfører nye kvalitetar til sentrum og samtidig tek vare på dei landskapsmessige og arkitektoniske særtrekka som pregar Fagernes og Valdres.



SOLSTUDIE VÅRJAMDØGN

Det er gjennomført tre solstudiar for prosjektet, alle er basert på ein romleg skissemodell av konseptforslaget inkludert terrengbearbeiding og bebyggelse.








Det er utarbeidd animasjonar som viser sola si vandring over himmelen gjennom dagen ved høvesvis vårjamdøgn (20. mars) og sommarsolkverv (21. juni). I rapporten er det vist eit utdrag frå tidsrommet kl. 08–16. Timane utanfor dette intervallet er vurderte som mindre relevante, både på grunn av skuggeverknader frå fjell og terreng og fordi dei ligg utanfor hovudperioden der utearealet vert nytta i løpet av dagen.

Analysen for vårjamdøgn vil i hovudsak vere representativ også ved haustjamdøgn, med unntak av om lag éin times forskyving som følgje av sommartid. Resultata vert difor vurdert i praksis samanfallande.

Studien viser at ein bebyggelse på inntil fire etasjar i det sørvestlege hjørnet av planområdet vil ha avgrensa skuggeverknad for omgjevnadene. Dette kjem av at bygningen gjennom store delar av dagen i hovudsak vil kaste skugge over Valdresvegen og tilgrensande parkeringsareal, framfor mot eksisterande bebyggelse.

Tidleg om morgonen kan skuggen i korte periodar nå nabobygget som i dag husar gjenbruksbutikken i Valdresvegen 23. Skuggen treff då i hovudsak parkeringsarealet framfor sjølve bygningen. Allereie tidleg på føremiddagen flyttar skuggen seg bort frå dette området, og konsekvensane for nabo vert difor vurdert som små.

Ved vidare utbygging og framtidige byggjesteg vil det vere naturleg å gjennomføre meir detaljerte vurderingar av skuggeverknader, særleg knytt til kveldssol og lysforhold i det indre gårdsrommet innanfor ein framtidig kvartalsstruktur.



SOLSTUDIE SOMMARSOLKVERV

Solstudien for sommarsolkverv viser ingen vesentlege konsekvensar knytt til skugge på naboegedomar.

Generelt kan det leggst til at planområdet si plassering langs Valdresvegen gjer at eventuell skugge i hovudsak vil falle mot vegareal, parkeringsflater og områder med avgrensa opphalds- og solverdi. Skuggeverknadane mot naboareal i aust, nord og vest vert difor vurdert som svært avgrensa.

Som tidlegare nemnt vil det kunne vere aktuelt å gjennomføre meir detaljerte sol- og skuggestudiar i samband med framtidige byggjesteg og vidare utvikling av kvartalsstrukturen. For den aktuelle fasen av prosjektet vert konsekvensane likevel vurderte som små og utan vesentleg innverknad på omgjevnadane.

